

**KLUBBHANDBOK  
FOR  
IL REIN  
- fotballgruppa**



## INNHALD:

|   |      |
|---|------|
| 1. INNLEIING  | s 3  |
| 2. KLUBBENS VISJON OG MÅLSETJING                    | s 3  |
| 3. KLUBBENS ORGANISERING                            | s 5  |
| 4. ORGANISASJONSKART IL REIN                        | s 6  |
| 5. ANSVAR OG ARBEIDSOPPGÅVER FOR DET EINSKILDE VERV | s 7  |
| 6. ØKONOMI  | s 10 |
| 7. SPONSOR  | s 10 |
| 8. DUGNAD   | s 10 |
| 9. OPPSTARTSANSVARLIG                               | s 10 |
| 10. TRAFIKKSIKKER KLUBB                             | s 10 |
| 11. KOMPETANSE                                      | s 10 |
| 12. SAMANSETJING AV LAG                             | s 11 |
| 13. REKRUTTERING AV SPELARAR                        | s 11 |
| 14. INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON                    | s 11 |
| 15. KLUBBDRIFT OG RUTINER                           | s 11 |
| 16. INTEGRERING                                     | s 11 |
| 17. FORANKRING                                      | s 11 |

## **1. INNLEIING**

Klubbnamn: IL REIN

Stiftet: 1919

Adresse: 3895 Edland

Internettadresse: [www.reinil.no](http://www.reinil.no)

Organisasjonsnr: 992959207

Medlem av: Norges idrettsforbund

Tilknyttet: Norges Fotballforbund og Norges Skiforbund

IL Rein er eit fleiridrettslag i Edland/Haukeli i Vinje Kommune.

Fotballgruppa er ei undergruppe i idrettslaget.

I Edland/Haukeli og omegn bur det om lag 500 personar. 60 % av dei er medlemmar i IL Rein.

Klubbhandboka skal svare på dei viktigaste spørsmåla om klubben, og gjere det enkelt å finne ut kva som gjeld internt i klubben.

Den skal sikre at det er kontinuitet i det som blir bestemt og gjerast.

Handboka er eit arbeidsverktøy for alle medlemmar, utøvarar, føresette, styret, trenarar og dommarar i vår klubb.

## **2. KLUBBENS VISJON OG MÅLSETTING**

NFF's visjon er fotballglede, moglegheitar og utfordringar for alle.

Visjonen til fotballgruppa er: REIN FOTBALLGLEDE!

Fotballgruppa har som mål å gje eit tilbod til alle som ynskjer å spele fotball - flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg:

Det ynskjer me å gjere gjennom:

- Motiverande og lærerike treningar
- Alle skal få utfordringar på sitt nivå
- Spelarar som blir sett, og får kjensle av meistring
- At spelarane får kjenne på gleda av å vere ein del av eit lag
- Gjere Edland stadion til ein møtestad for bygda

Me ynskjer å skape kameratskap, gode haldningar og varig interesse for fotball spesielt, og idrett generelt.

Dette vil me at alle skal ha som grunntanke i vårt barne- og ungdomsarbeid.

Me skal gje alle som vil spele fotball ein moglegheit til å gjere dette på barna sine eigne premiss, under trygge sosiale førehald.

Ein av klubben sine viktigaste målsettingar er å få med flest mogleg gutar og jenter, uansett nivå og føresetnadar.

Alle skal stimulerast for utvikling og vekst.

Alle roller/oppgåver innan fotballen i IL Rein er dugnadsbasert.

Alle i IL Rein er med på å gjere Edland stadion til møteplass nr 1 i bygda. Edland stadion er eit naturleg samlingspunkt for fotballaktivitet, både gjennom skulen på dagtid, og trening og fotballkampar på kveldstid.

Me nyttar oss av kampvert til alle kampar som blir spela på Edland stadion.

Kampverten har på seg gul kampvert-vest som er lett og sjå for alle som kjem til stadion. Kampvertens oppgåve er å bidra til ei god ramme rundt kampen, prega av Fair play, samt hjelpe/svare på spørsmål frå dei besøkande.

Idrettslaget prøvar å leggje til rette for allsidig aktivitet. Me har aktivitetar som fotball, ski, joggetrim, barneskitrekk, orientering og trimbøkar.

Gjennom styremøte i hovudlaget samarbeider dei ulike gruppene for å kunne gje eit best mogleg tilbod til alle, og me prøvar å leggje til rette for å kunne vere med på fleire aktivitetar for dei som ynskjer det.

Me ynskjer at Edland stadion skal brukast til uorganisert fotballaktivitet. Me vil stimulere til dette ved at alle barn og unge i Edland har kvar sin fotball.

Dette gjer me gjennom å dele ut fotball som premie på avslutning annakvart år, samt at alle dei eldste i barnehagen får kvar sin fotball.

### 3. KLUBBENS ORGANISERING

Fotballgruppa er organisert under IL Rein sitt hovudstyre.

Fotballgruppa er organisert med eit styre beståande av leiar, nestleiar og 2 styremedlemmar.

Dei enkelte medlemmane har kvar sine ansvarsområde.

Gruppa kan sjølv gjere endringar i samansetning og oppgåvefordeling gjennom året.

Alle medlemmane er vald inn for 2 år om gongen. To er på val eit år, og dei to andre året etter. Dette for å sikre kontinuitet i gruppa.

Gruppas funksjon og arbeidsoppgåver;

- vere med å planlegge, og ivareta idrettslagets totale drift
- iverksette avgjersler og vedtak fatta av årsmøtet eller andre overordna idrettsmyndigheiter
- jobbe lojalt og ærleg for idrettslaget, og idrettslaget utad
- disponere laget sine inntekter, og fordele desse etter plan og budsjett godkjend av årsmøtet
- arbeidsoppgåvene over er retningsgjevande, og vil til ein kvar tid kunne bli justert av det sittande fotballstyret.

Årsmøtet er klubbens høgaste mynde og heldast kvart år i mars månad.

Innkalling til årsmøtet annonserast i VTB, på klubbens heimeside og facebookside.

Årsmøtet legg grunnlag for styret sitt arbeid. Alle som ynskjer å vere med å bestemme kva klubben skal gjere, og korleis den skal drivast, bør møte på årsmøtet.

Protokoll frå årsmøte ligg på [www.reinil.no](http://www.reinil.no)

## 4. KLUBBENS ORGANISASJONSKART

## 5. ANSVAR OG ARBEIDSOPPGÅVER FOR DET EINSKILDE VERV

### LEIAR;

- sitje i hovudstyret i Idrettslaget
- ansvar for innkalling og referat til styremøte i fotballgruppa
- ha tilgjengeleg og nødvendige skjema til lisensar, overgang, inn-og utmelding, skaderapportar...
- FIKS ansvarleg
- Kvalitetsklubbansvarleg
- ansvar for å halde heimesida oppdatert
- påmelding til sesong
- påmelding til cupar/turneringar
- skaffe oppmenn
- oppstartsansvarleg
- ha oversikt over budsjett tildelt gruppa (dette blir tildelt av hovudstyret)
- ansvar for å halde foreldremøte før sesongstart i lag med ein annan frå fotballgruppa. Tema; Fair Play, sesongens kampar, cupar/turneringar og andre aktuelle tema

Leiar: Gyri Midtveit

### NESTLEIAR;

- delta på styremøter i fotballgruppa
- møte i leiars fråver
- trenarkoordinator
- baneansvarleg

Nestleiar: Kamilla Vågslid

### STYREMEDLEM 1;

- delta på styremøter i fotballgruppa
- utstyr - og materialforvaltar
- Fair Play ansvarleg

Per Kjetil Tveito

### STYREMEDLEM 2;

- delta på styremøter i fotballgruppa
- dommarkoordinator
- baneansvarleg

Jostein Sletta

### TRENARKOORDINATOR;

- i samråd med klubbleiinga finne trenerar til dei ulike laga
- integrere, fylgje opp og ta vare på dei nye trenerane
- fylgje opp trenarane gjennom;
- trenerforum (informasjons- og diskusjonsarena)
- råd og rettleiing til kvar enkelt, i forhold til retningslinjer, treningsinnhald, mengde, hospitering etc.
- observasjon av treningar/kampar - gje trenaren tilbakemelding
- stimulere til trenarutdanning
- ha eit tett samarbeid med eventuell trenerkoordinator for ungdomsfotball - og bidra til at overgangen frå barn til ungdom fungerer.

### TRENAR;

- møte i god tid, vere motivera og førebudd til kvar trening
- vere delaktig som trenar - ver tydeleg på kva dykk trenar på, og forsterk dette på ein positiv måte
- sørge for at spelarane har det moro på kvar økt - hugs variasjon
- organisere øvingane slik at spelarane lukkast oftare enn dei feilar
- sjå alle spelarane - alle yter meir når dei blir sett
- start og avslutt treninga på ein tydeleg måte
- oppmøde foreldre til å vere med på treningane - sjå barna
- informere motstandarlaget om evnt overårige på laget

### OPPMANN;

- ansvar for koordinering rundt laget
- ansvar for utstyret til laget
- lage køyreliste til bortekampar
- gje nødvendig informasjon til spelarar og foreldre
- lever ut og samle inn drakter ved sesongstart og sesongslutt
- ansvar for kamprapport (13 år og oppover)
- skaffe dommar til heimekamp
- ansvarleg for sal på heimekampar - tenk sunne alternativ
- kampvert

Hugs at mange av desse oppgåvene kan delegerast til andre foreldre på laget!

### KAMPVERT;

- ta imot bortelaget, vise banar, låse opp garderobar, sjekke garderobar før ein låser, klangjere banen før kampen. Hugs vest!



#### FAIR PLAY ANSVARLEG;

- Fair Play skal vere fokus på trening og i kamp - blant spelarar, trenarar, dommarar og foreldre.
- alle spelarane skal skrive under på Fair Play kontrakt før sesongen startar.
- Fair Play ansvarleg har ansvar for å snakke med laga om dette på ei trening.
- dele ut foreldrevettreglane til alle foreldre.
- slå hardt ned på banning

#### KVALITETSKLUBBANSVARLEG;

- skal tilegne seg og oppretthalde inngående kunnskap om kvalitetsklubbkonseptet
- vere pådrivar for å implementere NFFs kvalitetsomgrep i planar og i praksis
- vere klubbens kontaktperson mot NFF Telemark og NFF i kvalitetsklubb spørsmål
- etablere, fylgje opp og vedlikehalde klubben sine standard for kvalitet
- skal fylgje opp og utbetre eventuelle avvik frå kriteriesettet

#### DOMMARKOORDINATOR;

- ansvar for at det blir gjennomført klubbdommarkurs kvart år
- lage liste over aktuelle dommarar og sende til alle oppmenn

#### UTSTYR-/MATERIALFORVALTER;

- ha kontakt med oppmenn ang behov for utstyr
- ha oversikt over at det til ein kvar tid er tilstrekkeleg med utstyr/materiell
- levere ut/ta imot drakter frå alle oppmenn ved start/slutt på sesongen
- ha oversikt over kven som har fått utdelt drakter

#### BANEANSVARLEG;

- ansvar for vedlikehald av kunstgrasbanen/grasbanen
- ansvar for at mål og nett blir tatt ut/inn før og etter sesong (dugnad)
- passe på at merkeutsyr til banen er i orden og tilgjengeleg
- ansvar for fotballbua (bygning)
- sjekke at tidsbrytar på flomljøs er riktig innstilt

## **FIKSANSVARLEG;**

- ansvarleg for å oppdatere informasjon om spelarar, trenarar, oppmenn og andre aktive personar i FIKS
- lære opp oppmenn som har ansvar for kamprapport

## **6. ØKONOMI**

I ein liten klubb som IL Rein må alle gruppene ha felles tankar om korleis me disponerar midlane.

Fotballgruppa setter opp eit budsjett i lag med kasserar i hovudstyret.

Ved større investeringar søkjer leiar hovudstyret om midlar.

Plan for økonomistyring kan du lese her <http://reinil.no/>

## **7. SPONSOR**

- denne oppgåva ligg til hovudstyret

## **8. DUGNAD**

Me ynskjer å ha eit tilbod som er så rimeleg at alle kan bruke det. Det vil sei at me er avhengig av foreldre som stiller opp på dugnad for å få inn inntekter til klubben.

- sal på heimekampar (oppmann er ansvarleg for dette. Fotballgruppa ynskjer sunn profil). Inntektene frå dette går til premiar på fotballavslutninga.
- vere med på dugnad i regi av hovudstyret
- dei ulike laga kan ha sine dugnadar i førekant av t.d Norway Cup

## **9. OPPSTARTSANSVARLEG**

- ansvarleg for å gå gjennom klubbhandbok og sportsplan med foreldre, oppmenn og trenarar før sesongstart kvart år.
- vere kontaktperson for nye medlemmar som ynskjer informasjon

## **10. TRAFIKKSIKKER KLUBB**

IL Rein skal vere ein trafikksikker klubb.

Retningslinene kan du lese her <http://www.reinil.no/>

## **11.KOMPETANSE**

Klubben skal leggje til rette for at alle trenarar, leiarar, spelarar og dommarar i IL Rein skal kunne auke sine fotballkunnskap gjennom opplæring og kurs.

Alle som ynskjer det skal få tilbod, og IL Rein skal dekke kostnadane til kompetanseheving.

Alle i fotballgruppa sitt styre skal ha gjennomført leiarkurs i regi av kretsen

Alle trenarar skal ha trenarkurs i regi av kretsen, og vere med på kompetanseheving i regi av Prosjekt Vest Telemark.

Klubbdommar skal ha gjennomført klubbdommarkurs i regi av kretsen kvar vår

## **12.SAMANSETNING AV LAG**

Me ynskjer flest mogleg lag med 2 aldersgrupper, men for at alle skal få eit tilbod vil me enkelte år mikse lag på tvers av kjønn grunna små barnekull.

Me må og enkelte år samarbeide med andre klubbar i Vinje kommune/Vest Telemark for å kunne gje spelarane eit tilbod.

## **13.REKRUTTERING AV SPELERAR**

I midten av november kvart år blir det sendt ut invitasjon til å bli med på fotball til alle elevar på skulen.

Invitasjonen blir og lagt ut på heimesida og facebook.

Fotballgruppa delar ut fotballar og invitasjon til dei eldste i barnehagen på våren ( i mars). Leiar tar kontakt med styrar i barnehagen for å få til dette.

## **14.INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON**

IL Rein har eigen heimeside som brukast til informasjon om og kommunikasjon med medlemmer og omverden - <http://www.reinil.no/>

Me har og eigen Facebookgruppe.

## **15.KLUBBDRIFT OG RUTINER**

Alle som skal vere med å spela fotball i klubben må vere medlem av IL Rein.

Medlemsavgift blir krevd inn via Klubbadmin:

Ein kan velje mellom enkelt medlemskap (kr 250,-) eller familiemedlemsskap (kr 600,-). Me tek ikkje treningsavgift.

Rutiner for politiattest finn dykk her - <http://www.reinil.no/>

Informasjon om forsikringar finn dykk her - <http://www.reinil.no/>

## **16.INTEGRERING**

I ei lita bygd som Edland, så blir nye innbyggjarar fort integrert gjennom barnehage og skule.

Dei får det same tilbodet som andre barn og unge i bygda.

## **17.FORANKRING**

Klubbhandboka skal vere tema på årleg møte med spelarar, føresette, trenarar og oppmenn. Den skal rullerast kvart år, eller ved behov.

Sportsplan skal vedtakast på årsmøte til IL Rein kvart år.